

# Referat frå årsmøtet i Venelaget, Agatunet 24.03.15

Frammøtte: 20 personar

Etter at Guttorm hadde presentert alle dei frammøtte, var det tid for årsmøtesakene:

## Sak 1

### Val av møteleiar

Møteleiar	Guttorm Rogdaberg
Referent	Astrid Grønsnes
Skriva under møterefateratet	Otto Vikane og Lasse Aga

## Sak 2

### Årsmelding

Årsmelding (sjå eige skriv) og aktivitetsplan (sjå under) vart opplesne og godkjende.

## Sak 3

### Rekneskap

Rekneskapen vart lagt fram og godkjend.

Fire personar har betalt to gonger. Venelaget har etter dette 127 medlemmer.

## Sak 4

### Val

Valet til styret for 2015 følgde innstillinga frå valnemnda; Steinar Nilsen, Jan Gunnar Strand og Astrid Grønsnes.

Leiar:

**Guttorm Rogdaberg** – vald for eitt år

Styremedlemmer:

<b>Sjur K. Jaastad</b>	– ikkje på val
<b>Ragnhild Sandvik Lund</b>	– ikkje på val
<b>Unni Dragesund</b>	– vald for to år

*I tillegg kjem ein representant frå kunstnemnda i Agatunet.*

Varafolk - valde for eitt år:

- 1. Jørund Olav Grønsnes**
- 2. Synnøva Sæbø**
- 3. Steinar Lund**

Revisor

**Lars O. Bleie** – vald for eitt år

Valnemnd:

Jan Gunnar Strand	– leiar, vald for eitt år
Steinar Nilsen	– vald for to år
Synneva S. Haustveit	– vald for tre år

## **Sak 5**

### Aktivitet og arbeidsområde i Agatunet 2015

6. og 7. mai	– vaske- og ryddedugnad
mai	– museumslagstur
29.05	– sesongopning
07.06	- gudsteneste
10.06	– opning av ungdomsutstillinga
02.08	– takvøla på Lagmannsstova tek til
08.08	– dugnadsfest med program
16.08	– sesongavslutting
25.09	– møte med program i Venelaget

### Andre arbeidsområde framover

Fleire bygningar treng måling. Det er godt om stillas i området og Hardanger Folkemuseum ordnar med måling.

Veteranbåten ynskjer nye/fleire fenderar på kaien.

Ein del av omvisarkleda er slitte. Noko nytt må til. Randi Sandbu Aga har kjøpt inn stoff til nye forkle og kan elles tenkja seg å vøla slitte klede.

Program til dugnadsfesten: Kan Lars Klevestrand eller Åse Kleveland spørjast?

Sabine vil gjerne arbeida med urtehagen i Agatunet. Kven kan hjelpa ho i gang?

Styret vart bedne om å arbeida for å utvida sesongen i Agatunet.

Styret tek ein runde på korleis ein best kan organisera dugnadsarbeidet/koma raskt i gang.

### Elles

Tunet er ope i pinsehelga.

Veteranbåten Atløy går ruta si 28.06 – 04.08.

Sykkelrittet Tour des Fjords susar forbi 28.05.

## **Sak 6**

### Bøker

Guttorm synte fram to nye bøker med stoff frå Agatunet:

*Send meg eit brev frå Hardanger*, av Arne Eriksen. I boka kjem vi m.a. inn på livet til smeden Ole Aga som døydde barnlaus i 1891.

*Reformene som endra det norske landbruket*, av Mads Lange. Boka omhandlar jordskifte, og ein del av stoffet har utspring i Agatunet og Jordskifteprosjektet har vore medfinansierar for arbeidet. Langnes har no disputert til doktorgraden over emnet.

Kaffe og god bakst.

## **Sak 7**

### Nutavegen

Etter det formelle årsmøtet fortalde Sjur K. Jåstad om prosjektet med Nutavegen. Etter at sauehaldet i bygdene minka, og beitinga i Velure vart nærmast slutt, var dei redde for at namn og stiar i området ville verta gløymde og ukjende for folk. Sjur fortalde og viste bilete. Dei har rydda vegen, merka og laga oppslagstavle. Dei har òg store bilete der dei plasserer namn i området.

Arvid Aga skulle eigentleg visa nokre bilete etter fotograf Knudsen, men fekk ikkje kobla maskina opp mot prosjektoren, men viste oss litt på dataskjermen sin.